



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

24.02.2021

Vår ref:

2021/901

Dykkar dato:

14.01.2021

Dykkar ref:

201200880

Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om planendring for Kvammadalselvi kraftverk i Aurland kommune - endra plassering av kraftstasjon

Statsforvaltaren vurderer at flytting av kraftstasjonen kan få negative konsekvensar for viktig naturmiljø, og vi tilrår å avslå planendringssøknaden for Kvammadalselvi kraftverk.

Vi viser til oversendinga 25. januar i år med planendringssøknad for Kvammadalselvi kraftverk.

Om planendringa

Clemens Kraft AS søker om å få endre plasseringa av kraftstasjonen frå kote 460 til kote 420. Dette vil føre til at røygata blir forlenga med 50 meter, og at tilkomstvegen til kraftstasjonen blir 150 meter lengre. Elvestrekninga som blir påverka av utbygginga vil auke med 50 meter. Påverknaden på naturtypelokaliteten naturbeitemark (verdi viktig - B) blir redusert. Årleg energiutbytte vil auke med 1,3 GWh.

Vår vurdering

Negativ konsekvens for naturtypen bekkekløft var hovudgrunnen til at vi rådde frå å gi konsesjon til Kvammadalselvi kraftverk. Vi la til grunn at dette er ein naturtype som i upåverka tilstand berre finst i lite omfang i regionen, og som inneheld rike utformingar av sjeldne vegetasjonstypar (elvmosesamfunn). Dei to bekkekløftlokalitetane som blir påverka av utbygginga var dårleg undersøkte pga. vanskeleg tilkomst, men det var registrert fleire indikatorar på kalkrike tilhøve som gjev grunnlag for sjeldne artsførekomstar.

Flytting av kraftstasjonen til kote 420 vil påverke ytterlegare 50 meter av den nedre bekkekløfta, og vil føre til inngrep i lokaliteten. Auka negativ konsekvens for lokaliteten er ikkje vurdert i planendringssøknaden. Fordelen ved å unngå inngrep i naturbeitemarka er derimot nemnt som hovudargument for planendringa, saman med den økonomiske vinninga.

Vi vil minne om at gjeldande konsesjon er gitt med føresetnad om at tilkomstvegen skulle leggjast slik at naturbeitemarka ikkje skulle bli vesentleg påverka. Det ble òg lagt til grunn i konsesjonsvurderinga at storleiken på prosjektet tilsa at prosjektet kunne ta omsyn til viktig naturmiljø, og utbyggingsprisen var god samanlikna med mange andre utbyggingsprosjekt. Det vil vere underleg om dette no skal gi grunnlag for å utvide prosjektet, og påføre ytterlegare negativ konsekvens for bekkekløftlokaliteten.

E-postadresse:
svfpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vi
Org.nr. 974 760 665



Vi meiner det må vere ein viss terskel for å kunne utvide konsesjonsgitte prosjekt i disfavør av allmenne interesser. Det er uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND